

## H I M M E L E N G T.

Eigen tone.

Eg lengtar so heim til den strålande stad,  
der songen lik votni skal ströyma. flöyma.  
Få blanda mi röyst i det jublante kvad,  
som reint gjenom Himlen skal ströyma.  
Og jordlivets sørger få glöyma.

Her höyrer eg ofte:" Du når ikkje heim!  
Du snåvar og fell i kvar tuva."  
Dei trugande röyster,- seg, Kjenner Du deim - ?  
fær ofte mi själ til å gruva,  
og fly som den fredlause duva.

Å nei, for eit byte: for tåror og kav,  
få sigerens palma i hende!  
Og leva på nytt attum sorger og grav  
i æva, som aldri tek ende.  
Og mötast med kjære og kjende.

Å tenk, at eg åsyn til åsyn skal sjå  
min ven, med dei särmerkte hender.  
Der ströymer vel frygd gjenom själi mi då,  
når andlitet mot meg han vender,  
og velkomehelsing meg sender.

I Himmelens solljos, som frelsarens brud,  
eg gjeng i min snökvite bunad.  
Som sol over högfjell- so blenkjer mitt skrid  
i gullglans, frå brudgomens truna.  
I Livssoli glitrar mi kruna.

Eg veit at ho kann ikkje tolkast med ord,  
den säla eg heime fär kjenna.  
Å Frelsar, å styr mine stig her på jord.  
Og kraft til min strid må Du senda,  
so glad eg mitt laup kann fullende.

Johs.M.L.Rydland.